

Sakshandsamar:

Lars Hustveit
E-post: lars.hustveit@sfj.no
Tlf.: 41530972

Vår ref.

Sak nr.: 17/181-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

913/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 09.01.2017

Notat

Til: Hovudutvalet for næring- og kultur
Fylkesutvalet – møte 25.januar 2017

Frå: Fylkesrådmannen

Europeisk samarbeid - moglege arenaer og finansieringskjelder**1 Bakgrunn**

I debatten i fylkestinget i desember 2016 vart det stilt spørsmål ved korleis Sogn og Fjordane nyttar internasjonale finansieringsordningar.

2 Relevant bakgrunnsinformasjon

Som ei oppfølging av kontaktkonferansen med fylkeskommunane 12. april 2016 vart det tinga ei samanstilling av fylkeskommunane sitt europeiske arbeid. Rapporten (som er utforma for Utanriksdepartementet) ligg ved til orientering.

Rapporten inneheld:

- Ei samanstilling av det internasjonale arbeidet i fylkeskommunane
- Døme på europeisk arbeid med gode resultat
- Kjenneteikn ved vellukka europeiske prosjekt
- Dei viktigaste statlege verkemidla til hjelp for europeisk arbeid i fylkeskommunane
- Korleis kan det europeiske arbeidet styrke regionane si innovasjonskraft og oppgåveløysing?

På det siste spørsmålet er svaret i rapporten at europeisk samarbeid kan styrke innovasjonskrafta og oppgåveløysinga i regionane.

3 Tidlegare politiske saker

FT sak 32/13 Internasjonal strategi.

I FU-sak 115/12 vart det peika ut politiske representantar til å ta del i det tematiske arbeidet i Nordsjøkommisjonen.

4 Kort om arenaer fylkeskommunen deltek på

Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlem i desse organisasjonane:

CPMR (Conference of Peripheral Maritime Regions) – www.cpmr.org

CPMR har 160 regionar frå 25 statar som medlemmer og representerer 200 millionar innbyggjarar. Hovudoppgåva er ei meir balansert utvikling av det europeiske territoriet. Dei er både ein «tenke-tank» og ein lobbyorganisasjon for medlemsorganisasjonane. CPMR er styrt av folkevalde med mandat frå medlemsregionane.

Fylkespolitikarar frå Sogn og Fjordane har ikkje delteke aktivt dei siste åra.

Nordsjøkommisjonen – www.northsea.org

CPMR er delt opp i geografiske kommisjonar. Sogn og Fjordane deltek i Nordsjøkommisjonen. Tilsvarande som for CPMR er Nordsjøkommisjonen styrt av folkevalde frå medlemsregionane. Nordsjøkommisjonen arbeider på grunnlag av ein felles strategi og har med denne som utgangspunkt desse temagruppene pr. 1/1 2017:

- Temagruppe for energi og klimaendring
- Temagruppe for transport
- Marin ressurs gruppe
- Temagruppe for attraktive og berekraftige samfunn

Dei tematiske gruppene er både ein politisk arena og ein fagleg arena for å utvikle felles prosjekt-initiativ.

Fylkespolitikarar frå Sogn og Fjordane har ikkje delteke aktivt dei siste åra. Administrasjonen har prioritert arbeidet i marin ressursgruppe.

NORA (Nordisk atlantsamarbeid) – www.nora.no

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråds samarbeidsprogram. NORA-regionen er Grønland, Island, Færøyane og 9 norske kystfylke. Målet er å utvikle nordatlanteren som ein kraftfull region.

NORA er organisert med ein komité og eit arbeidsutval samansett med administrativt personale. Sogn og Fjordane deltek i desse organa og rapporterer til Vestlandsrådet. NORA lyser årleg ut utviklingsmidlar.

Euromontana – www.euromontana.org

Euromontana er ein multisektoriell organisasjon som arbeider for interessene til europeiske fjellsamfunn. Ca 75 organisasjonar frå 20 land deltek. Østlandsforskning, Regionrådet for Fjellregionen, Samansluttinga av utmarkskommunar og fylkeskommunane Telemark, Buskerud, Sogn og Fjordane, Oppland og Hedmark er medlemmer. Euromontana er ein arena for politisk lobbyarbeid og for fagleg samarbeid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Åshild Kjelsnes har vore styremedlem i 4-årsperioden 2012-2016. Tidlegare var Tor Bremer styremedlem. Administrativt har vi delteke aktivt og m.a. teke prosjektinitiativ innan ungt entreprenørskap (EØS-midlar) og innovasjonsnettverk (Interreg Europe)

Vest Norges Brusselkontor AS (VNB) – <http://www.west-norway.no/>

VNB er eit av 6 norske regionkontor i Brussel. Aksjeselskapet vert eigd av Foreningen Vest-Norges Brusselkontor som er sett saman av 15 kommunar, 3 fylkeskommunar (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal), kraftselskapet BKK og Botnaneset Industriselskap AS.

VNB legg stor vekt på informasjonsarbeid og identifiserer EU/EØS-program/-prosjekt med interesse for Vest Noreg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Åshild Kjelsnes er styremedlem. Styret representerer dei 4 målgruppene offentleg sektor, forskning og utvikling, næringsliv og kultur.

5 Kort om arenaer fylkeskommunen ikkje deltek på

AER (Assembly of European Regions) – www.aer.eu

For oversikts skuld nemner vi at fleire fylkeskommunar er medlem i denne organisasjonen. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje vurdert medlemskap. AER presenterer seg som "the largest independent network of regions in wider Europe, gathering regions from 35 countries – from Norway to Turkey and from Russia to Portugal".

Andre arenaer som kan vere aktuelle for partnerskapen i Sogn og Fjordane

- ERRIN – Eit europeisk nettverk innan forskning og innovasjon for regionar. Nytteverdi: Samarbeid om å utvikle forskingsprosjekt. Partnerskapen kan nytte seg av nettverket gitt at Vest Norges Brussel-kontor vert medlem. Fylkeskommunen bør støtte at VNB vert medlem i ERRIN.
- Tematiske plattformer knytt til regionane sine næringsstrategiar («Smart spesialisering»). Verdiskapingsplanen er vår «smart spesialiseringsstrategi». Ambisjonen er at regionar med satsingar som kan forsterkast gjennom samarbeid, kan finne fram til kvarandre. Dette arbeidet har høg profil i EU no. Fylkeskommunen vil vurdere nytteverdien ved å studere samarbeidet innan fornybar energi. I tilfelle dette vert vurdert som nyttig, vil vi legge fram ei politisk sak.

6 Økonomiske verkemiddel

Oversikta som følgjer er ikkje komplett, men tek utgangspunkt i dei ordningane vi faktisk har merksemd på.

Det vil føre for langt å gjere greie for detaljane om kva vi kan oppnå økonomisk sidan dette varierer frå program til program. Ofte er det snakk om 50% europeisk delfinansiering. Like viktig som pengane er impulsane og kunnskapen vi får gjennom å delta. Eit råd er at fylka deltek i prosjektsamarbeid på tema som dei uansett vil prioritere.

Dei siste åra har fylkeskommunen prioritert utdanningsamarbeid.

ERASMUS +

EU programmet ERASMUS + løyver midlar til internasjonale samarbeid innan opplæring. Fagopplæring er eit av hovudsatsingsområda til programmet. Opplæringsavdelinga koordinerer eit prosjekt som gjev opplæringskontor og skular høve til å reise på utdanningsopphald i forskjellige land, kurs eller utplassering i bedrift. For tida femner dette om fagområda: Helsefag; Barne og ungdomsarbeidarfag; Hotell og matfag; TIP og Byggfaga. Det er ope for at andre fagområde kan verte involverte. Vidaregåande skular kan sende ut elevar og lærarar, opplæringskontor kan sende ut lærlingar, lærlinginstruktørar eller andre som arbeider med lærlingar. Sogn og Fjordane fylkes-kommune fekk 209 954 Euro i 2016, 179 838 Euro i 2015 og 183 773 Euro i 2014. Midlane fullfinansierar ikkje prosjekta, dei skal bidra til dekking av reiser, kost og losji og førebuing av deltakarane. Lønn vert ikkje dekka, det vert rekna som eit eigenbidrag.

Horisont 2020

Horisont 2020 er EU sitt innovasjons- og forskingsprogram. Utviklingsavtalen mellom fylkeskommunen, høgskulen og Vestlandsforskning for 2016 vart nytta til å styrke dei to institusjonane si evne til å delta i internasjonalt forskingssamarbeid. I mobiliseringsprosjektet «VRI4» saman med forskingsrådet er mobilisering til deltaking i Horisont 2020 ein av ambisjonane.

Horisont 2020 har i tillegg til grunnforskning to viktige satsingar:

- Forsking som inkluderer små og mellomstore bedrifter.
- Forsking for å løyse store samfunnsutfordringar. Slik forskingsinnsats føreset at offentlege styresmakter deltek aktivt.

Interreg

Interreg handlar om samarbeid mellom regionar og er eit verkemiddel som høver svært godt for fylkeskommunane. Sogn og Fjordane har høve til å vere med i tre regionale program; Nordsjø-programmet, Nordleg Periferi og Austersjøprogrammet. Fylkeskommunen deltek for tida ikkje i desse programma.

Fylkeskommunen kan også delta i Interreg Europe. Programmet som dekker store deler av Europa, handlar i denne programperioden om å forbetre evna regionale styresmakter har til å gjennomføre strategiske planar. Sogn og Fjordane fylkeskommune er i perioden 1/1 2017 til 30/6 2021 leiar for eit prosjekt for å utvikle vårt innovasjonssystem (prosjektet "Policies to improve rural areas' innovation systems by professionalising networking activities and use of innovation tools")

Kreativt Europa

«Creative Europe» er EU Kommisjonen sitt rammeprogram for støtte til kultur- og audiovisuell sektor. Fylkeskommunen er for tida med i «*Rural focused european creative and cultural cooperation project*». Søknaden er nærare omtale i HNK sak 68/2016

EØS-midlane (EEA and Norway Grants 2014-2021)

Midlane skal medverke til å utvikle dei fattigaste av medlemslanda i EU. Status no: Første milepåle i forhandlingane om midlane fram til 2021 vart nådd 3. mai 2016¹. Utvikling av avtalar med mottakarlanda pågår.

Det er miljø i mottakarlanda som må søkje, men det vert lagt til rette for at søkjar inkluderer norske partnerar i prosjekta. Sogn og Fjordane fylkeskommune har nytta ordninga ved å ta initiativ saman med bulgarske og rumenske partnerar til samarbeid om ungt entreprenørskap (Innovation Camps).

7 Interreg Europe prosjektet P-IRIS som døme

Fullt namn på prosjektet: "*Policies to improve rural areas' innovation systems by professionalising networking activities and use of innovation tools*". (Akronym: P-IRIS)

Interreg Europe har i denne perioden som hovudsiktemål å forbetre regionale styresmakter si evne til å gjennomføre planar. Effekten av dei økonomiske utviklingsfonda skal forsterkast ved at partnerane i utviklingsarbeid arbeider smartare.

Prosjektet varer i 4,5 år og har partnerar frå Mellomste Østerbotten i Finland, Burgos i Spania, Heart of Slovenia, Milano i Italia (som arbeider med dalføret Val Camonica) og Primorje Gorski Kotar frå Kroatia. Alle partnerane arbeider med nyskaping i distriktssamfunn.

Nytteverdien

Prosjektet vårt handlar om kunnskapsdeling som grunnlag for nyskaping. Høgskular og universitet, bedrifter og det offentlege verkemiddelapparatet må arbeide godt saman. Evna til slikt samarbeid vert stadig viktigare etter kvart som produksjon og produkt vert meir og meir kunnskapsintensive. Skal vi bygge eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane, må vi bli gode arenabyggarar. Ny teknologi for samarbeid over avstand og den yngre generasjonen sine røynsler med å arbeide i nettverk, må nyttast som grunnlag for nytenking og omstilling. Derfor er prosjektet utvikla.

Partnerane vil arbeide med kreative og kunnskapsintensive næringar. I Sogn og Fjordane er derfor næringshagane og inkubatorane og tilsvarende nettverk viktige medspelarar i arbeidet. Testfasilitetane som vert utvikla ved Tech Yard i Førde er god praksis som vi vil ønskje å vise fram.

Gjennom Interreg Europe prosjektet får vi impulsar ved å studere røynsler i andre utkantsamfunn. Partnerane er samde om at vi ikkje skal kopiere modellar utvikla i dei store universitetsbyane. Vi snakkar derfor ikkje om «klynger». Vi snakkar om innovasjonsnettverk i distriktssamfunn. Verkemiddelapparatet må bli gode i vår rolle; som ressurspersonar for innovasjonsprosessar mellom anna ved å initiere, utvikle og omstille kommersielt retta nettverk.

4 trinn i eit Interreg Europe prosjekt

- Kvar partnar kartlegg og dokumenterer god praksis hos seg, slik at dei andre kan lære.
- Vi besøkjer kvarandre; ser på gode løysingar og diskuterer føresetnader for å overføre lærdom.
- Kvar partnar lagar sin plan for å ta i bruk det vi har lært. I fellesskap vil vi lage ei verktøykasse for innovasjonsnettverk i utkantsamfunn.
- Partnerane brukar dei to siste åra til kvar for seg å setje ut i livet dei forbetringstiltaka dei i samarbeid har komme fram til.

¹ <http://eeagrants.org/News/2016/EEA-and-Norway-Grants-2014-2021-Working-together-for-a-green-competitive-and-inclusive-Europe>


Læring på europeisk nivå

Interreg Europe organiserer læringsarenaer mellom anna innan temaet innovasjon og forskning der vårt prosjekt høyrer heime. Sogn og Fjordane får som prosjektansvarleg invitasjon til å delta på denne europeiske læringsarenaen. Vi lærer ikkje berre gjennom vårt prosjekt, men også saman med andre prosjektmiljø og europeiske ekspertar.

Læring i Sogn og Fjordane

Læring i partnerskapen:

Det vert etablert ei interessentgruppe i Sogn og Fjordane. Læringa i prosjektet skal brukast til å lage ein aksjonsplan for forbetring av arbeid gjennom innovasjonsnettverk og bruk av tilhøyrande innovasjonsverkemiddel i Sogn og Fjordane



Status / finansiering

Prosjektet starta 1/1 2017.

Godkjent totalkalkyle: 1,364,792 Euro

Aktiviteten i Sogn og Fjordane er kalkulert til: 375,915 Euro

Sogn og Fjordane oppnår 50% finansiering inklusiv 50% av arbeidskostnader og «overhead»

Forankring

Prosjektet er forankra i verdiskapingsplanen, satsingsområdet kunnskap.

(Sjå: <http://verdiskapingsplanen.no/handlingsplan/5-kunnskap/5-3-hovudaktivitet-med-milepaelar/5-3-3-utviklingsarbeid-5-ambisjonar-fram-til-2018/>)

Fylkeskommunen vil bruke prosjektet til å styrke rolla vår som arenabyggar. Det er stor aktivitet på europeisk nivå for å utvikle konkurransekraft gjennom evne til å arbeide effektivt med nyskaping. Sogn og Fjordane har levert ein søknad som har fått god vurdering.

8 Vurdering

To oppsummerande merknader:

- Rammevilkår for norsk regionalpolitikk vert i stor grad lagt i EU. Fylkeskommunen bør delta både politisk og administrativt for å påverke og for å forstå korleis internasjonale føringar påverkar regional politikktutforming
- Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane må delta i internasjonale samarbeidsprosjekt for å få impulsar til eige regionalt utviklingsarbeid. Like viktig som tilgang til pengar er tilgang til kunnskap.